

Dokumentnr.: 24/23035

Dato: 27.11.2024

Oppmoding om busetting av flyktningar i 2025 – Grimstad kommune

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi) ber om at brevet vert distribuert til:

- Ordførar
- Kommunedirektør/ byrådsleiar

Dei store innkomstane av flyktningar frå Ukraina som starta i mars 2022 har fortsett gjennom 2024. Det er og behov for at kommunane buset flyktningar frå andre konfliktområde i verda, og det totale busettingsbehovet er venta å vere høgt og i 2025. Sjølv om behovet for busetting av flyktningar aldri har vore større enn dei tre siste åra, har busettinga likevel vore rask. Kommunane har vist ei svært positiv busettingsvilje sidan krigen i Ukraina braut ut, og gjort ein viktig innsats i arbeidet med busetting og integrering av flyktningar. Dette er avgjerande i ei kritisk tid, og noko det er viktig å vidareføre i 2025.

Kommunane har ei nøkkelrolle når det gjeld Noreg si handtering av dei historisk høge innkomstane av flyktningar som vi har erfart dei siste åra. Busettingsplassane som blir vedtatt og gjort tilgjengelege er avgjerande for Noreg si samla evne til å ta hand om flyktningane som kjem til landet. Vi oppfordrar difor kommunane til å fatte vedtak i samsvar med oppmodinga.

Oppmoding for 2025

Gjeldande prognosar for innkomstar av flyktningar viser at behovet for busetting i 2025 er om lag 18 900 personar. Behovet kan endrast, og det er viktig at den kommunale kapasiteten til å busette flyktningar kan justerast i samsvar med behovet. Innkomstar av flyktningar vi skje spreidd gjennom 2025, og behovet for busetting av 18 900 flyktningar gjeld for heile året.

IMDi oppmodar Grimstad kommune om å busette til saman 80 flyktningar i 2025.

Vi ber om at 0 av dei 80 plassane vert nytta til busetting av einslege mindreårige under 15 år og at 5 av plassane vert nytta til busetting av einslege mindreårige over 15 år.

Talet på einslege mindreårige det vert oppmoda om å busette, gjeld einslege mindreårige *utan* følgjeperson. Grunnen til dette, er at dei må busettast i kommunar som har kapasitet i særskilte butiltak.

Det har gjennom 2024 vore kapasitetsutfordringar i kommunane når det gjeld busetting av einslege mindreårige utan følgjeperson, noko som har ført til auka ventetider for denne gruppa. Det er forventa fortsett høge innkomstar av einslege mindreårige utan følgjeperson, og dette er ei spesielt sårbar gruppe som har behov for rask busetting. IMDi oppfordrar kommunane til å fatte vedtak i samsvar med oppmodinga for einslege mindreårige utan følgjeperson.

IMDi vil invitere nye kommunar som skal busette einslege mindreårige utan følgjeperson til eit informasjonsmøte om busetting av denne gruppa. IMDi viser og til informasjon på nettsidene: [Bosetting av enslige mindreårige flyktninger | IMDi](#)

Kommunen må i tillegg rekne med å få fordelt einslege mindreårige *med* følgjeperson, då desse inngår i ordinær kvote og ikkje inngår i oppmodingstalet for einslege mindreårige.

Busettingslassar som ikkje vert nytta i 2024 blir ikkje overført til 2025. Personar som er søkt ut til kommunen i 2024, men som først vert registrert som busett etter årsskiftet, vil telje på kommunens vedtak for 2025. Dette er ei vidareføring av gjeldande praksis.

Svar på oppmodinga

Vi ber om at kommunen svarer *både* skriftleg og digitalt på oppmodinga om busetting i 2025 ved at

- kommunen sender skriftleg kopi av vedtaket til post@imdi.no med kopi til KS ved nina.gran@ks.no og til fylkeskommunen.
- kommunen registrerer vedtakstalet i IMDi sitt fagsystem for busetting (IMDinett), etter at oppmodinga er motteken digitalt i same system. For rettleiing, sjå: [Kommunens vedtak og planlegging | IMDi](#)

Vi ber om at svaret

- tydeleg viser kor mange flyktningar kommunen vedtek å busette i 2025.
- ikkje inkluderer familiegjeforeina eller har andre reservasjonar.
- inneheldt ei vurdering av kor mange fleire flyktningar, av desse einslege mindreårige, kommunen potensielt kan busette i 2025 om behovet aukar.

Frist for å svare på oppmodinga er 14.3.2025.

Dersom fristen ikkje kan møtast, ber vi om tilbakemelding på om når saka kan handsamast i kommunen. Vi legg til grunn at busettinga i kommunen kan fortsette i påvente av politisk handsaming i kommunen i tråd med gjeldande praksis.

Kriteriar for korleis busettingsbehovet er fordelt på kommunar

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har fastsett kriterier som legg føringar for korleis det nasjonale busettingsbehovet skal delast mellom kommunane i 2025 (sjå [IMDi.no](https://imdi.no)). Det vert lagt størst vekt på kommunane sin kapasitet, samt tenestetilboda og arbeidsmarknaden i regionen.

Fylkeskommunane har kome med anbefalingar om kor mange flyktningar som bør busettast i kvar kommune i lys av det nasjonale busettingsbehovet¹. Kommunesektorens organisasjon (KS) har gitt innspel og tilslutnad til fordelinga.

¹ Jf. Integreringslova § 4

Aktuelle tilskotsordninger

- Kommunar som buset flyktningar får utbetalt integreringstilskot. Tilskotet vert utbetalt etter at flyktningen er busett. Tilskotet skal medverke til at kommunane arbeider aktivt med busetting og integrering for at flyktningane skal kome i arbeid, forsørge seg sjølv og delta i samfunnet så raskt som mogleg.
- Kommunar som buset einslege mindreårige flyktningar mottar eit særskilt tilskot i tillegg til integreringstilskotet. Tilskotet gjeld både for einslege mindreårige flyktningar med og utan følgjeperson, og blir utbetalt etter at flyktningen er busett.
- Nokre flyktningar har eit særskilt behov for oppfølging og tilrettelegging på grunn av funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar. Kommunar som buset flyktningar, må rekne med at einskilde personar har slike særskilte behov. Kommunar som buset personar med lågare funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar kan søke tilskot frå IMDi for å dekke ekstraordinære utgifter.
- Kommunar kan og få tilskot for vaksne innvandrarar som har rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Les meir om tilskot på IMDi sine nettsider: <https://www.imdi.no/tilskudd>

Kontakt

Ta kontakt med IMDi ved spørsmål kring oppmodinga. IMDi kan nås på telefon 40 00 19 60 og e-post: post@imdi.no. Sjå og oppdatert informasjon på imdi.no.

Med helsing

Libe Rieber-Mohn
Direktør
Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

Kopimottakarar:

Kommunesektorens organisasjon – KS
Fylkeskommune